

## Prosjektet for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan

# Mandat for arbeidsgruppe

## Dagkirurgisk tilbod

---

Arbeidsgruppa for «Dagkirurgisk tilbod» skal legge til grunn prosjektdirektivet og det utvida mandatet for prosjektet for Odda sjukehus. Arbeidsgruppa skal legge til grunn analysane som blir gjennomført i prosjektet, og vurdere modellar for tilbodet til dei store pasientgruppene.

Arbeidet skal vere nytenkande og medverke til å utvikle eit framtidretta og trygt tenestetilbod for befolkninga i Odda sjukehus sitt opptaksområde. Endra oppgåvedeling mellom nivåa og kva pasientretta aktivitet som kan bli organisert ved sjukehuset for pasientgruppene med størst behov for lokale tenester, skal vurderast i eit samhandlingsperspektiv. Arbeidet skal ta omsyn til effektiv ressursutnytting, innanfor helseføretaket sine økonomiske rammer.

## Oppgåver for arbeidsgruppa

- Identifisere kva for dagkirurgiske tilbod pasientane kan ha nytte av lokalt.
- Arbeidet skal bygge på analyser av pasientgrunnlag og storbrukarar i området til Odda sjukehus, utført for prosjektet for Odda sjukehus. Analysane blir stilt til disposisjon for arbeidsgruppa straks dei er ferdigstilte, etter planen innan utgangen av september.
- Identifisere kva for tilbod pasientane reiser ut av føretaket for, og foreslå lokale tilbod.
- Vurdere om det er dagkirurgiske tilbod med lange ventetider i Helse Fonna, som kan utførast ved Odda sjukehus.
- Arbeidsgruppa må vurdere ulike modellar for tilbodet, med og utan vidareføring av akutttilbodet ved Odda sjukehus.
- Vurdere tiltak for kompetanseutvikling og rekruttering for å sikre rett tilgang til ulik kompetanse ved Odda sjukehus, knytt til dei pasienttilboda som arbeidsgruppa tilrår (t.d. gjensidige hospiterings- og rotasjons-ordningar, tilrettelegging for vidareutdanning, oppgåvedeling («jobbgilding») og sjå på forholdet mellom breidde- og spisskompetanse).

Oppdraga til dei ulike arbeidsgruppene heng saman og er til ein viss grad overlappende. Arbeidsgruppene må derfor ha kontakt undervegs i arbeidet for å gjere avklaringar.

## Samansetting av arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa har følgjande deltakarar:

Rolle	Namn	Reprenterer
Leiar	Lene Lunde	Helse Vest /Deloitte
Deltakar	Trond Dyngeland	Helse Fonna /Odda sjukehus
Deltakar	Ingunn Olin Haugen	Helse Fonna/ Odda sjukehus
Deltakar	Ragnhild Helle	Odda kommune
Deltakar	Agnieszka Bratland	Ullensvang kommune
Deltakar	Leiv Varberg	Tillitsvalt
Deltakar	Björg Hovland Børve	Verneombod

## Framdriftsplan og leveranse

Arbeidsgruppa starter arbeidet i oktober og avleverer tilråding til prosjektgruppa i midten av november.

Arbeidsgruppeleiar står for rapportering til prosjektgruppa. Deltakarane må bidra aktivt og sette av tid i prosjektperioden.

Aktivitet	Tidsfrist
Oppstartsmøte	Primo oktober
Overlevering av skriftleg tilråding til prosjektgruppa. Grunngevinga og resonnementet som ligg til grunn for tilrådingane, må gå fram av dokumentet.	10. november til sekretariatet Til behandling i prosjektgruppemøte 16. nov